



Informasjon til deg som søker om produksjonstilskot og tilskot til avløsning ved søknadsomgangen januar 2013

Søknadsfristen 20. januar

20. januar 2013 er ein søndag. Du kan difor levere søknaden din påfølgjande fyrste yrkedag, måndag 21. januar 2013, utan å få trekk i tilskotet grunna for seint levert søknad.

Ny løysing for innlogging : BankID

No er det òg mogleg for deg å logge inn i Altinn ved å bruke BankID. BankID er ein av fleire innloggingsmetodar du kan velje mellom.

Lever søknaden din elektronisk

Du vil oppleve mange fordelar med å levere søknaden din frå Internett:

- Den største fordelan med elektronisk søknad er at dataa blir riktigare. Dette kjem av at mange av opplysningane blir kontrollert før levering.
- Ein søknad utan feil minskar risikoen for at tilskotet blir avkorta og aukar sjansane for å få tilskotet ved hovudutbetalinga.
- Fleire elektroniske søknadar effektiviserar forvaltninga sitt arbeid.

*Mine kjære bondekolleger:
Lever søknaden din
elektronisk – det e både
miljøvennlig, trygt, effektivt
og enkelt!*

Rettleiingsfilm for elektronisk søknad

SLF har i haust fått utarbeida to filmar som kan hjelpe deg når du skal levere søknaden din på Internett:

- Den eine filmen rettleier deg steg-for-steg i korleis du loggar deg inn i Altinn og leverer søknaden din på nett.
- I den andre filmen får du presentert fordelane med å levere søknaden din elektronisk av den engasjerte sauebonden Odin Jensenius frå Namdalens rike.

Filmene finn du på SLFs nettsider www.slf.dep.no.

Du får ikkje tilsendt søknadsskjema på papir lenger

Frå og med denne søknadsomgangen får du ikkje tilsendt ein papirsøknad i posten lenger. Opplysningane dine er fylt ut på førehand i den elektroniske søknaden din, og du får framleis informasjonsmateriell i posten.



All informasjon om søknadsomgangen er som før å finne på SLF sin nettstad www.slf.dep.no. Her finn du blant anna: Rettleiingshefte for søknad om produksjonstilskudd i jordbruket og tilskudd til avløsning ved ferie og fritid, aktuelle forskrifter og rundskriv, rettleiingsfilm, samt brukarhjelp til elektronisk søknad.